

Nr 2 - 2021

Møta nye venner - Søkja Gud - Få del i oppdraget



møte:plassen



**«Prosjekt
Elverhøy»
side 10 - 12**

**Pinsehøgtid
og presteliv**
side 6 - 7

**I arbeid for
Undheimbygda**
side 13

**Seks unge sine
tankar om sommar**
side 16 - 17

Me er skapte til fellesskap

Det som har prega tankar og sinn for dei fleste av oss langt over det siste året er utan tvil COVID-19. Handvask, spriting av hender, kohorter, karantenetid, vaksine og ein-metersreglen er begreper me har blitt godt kjent med.

Me har i meir eller mindre grad levd isolerte liv der dei naturlege samlingspunktene har vore sterkt reduserte. Det har ikkje vore lett å orientera seg i gjeldande koronareglar til ei kvar tid.

Kor mange var det me nå igjen me hadde lov å ha på besøk? Var det 5 eller 10, gjeld dette når ein er i same kohort, kan ein blanda på tvers av kommunegrensa?

Ein god ven av meg sa ein gong: «Mennesker er skapt for å vera med mennesker»

Desse møta har vore ei mangelvare det siste året, og forskarar er veldig spente på kva dette vil gjera med oss som samfunn. Det blir peika på at einsemd blandt folk er ein farsott på lik linje med pandemien. Finst det nokon medisin mot dette? Sjølvranskande tenkte eg her om dagen på om det var nokon

eg hadde tatt ein ekstra telefon til eller gått på besøk i løpet av det siste året. Eg kan ikkje seia eg jubla over svaret eg gav meg sjølv, men det er ennå mulig å gjera noko med det!

Dette spørsmålet og denne utfordringa kan me alle ta med oss: Er der nokon eg kan ta ein telefon til eller gå ekstra på besøk til? Alle har me lengslar etter fellesskap i oss, me likar å høyra til. Det kan vera det nasjonale felleskapet, det kan vera bygda eller byen me bur i, det kan vera lag og foreiningar der me bur og det kan vera familiefelleskap. Kva med desse felleskapana å gjennomgå samlast?

Bibelen samanliknar kyrkjefelleskap med ein kropp, der Jesus er hovudet og me er lemmene. (1.Kol 1.18) Alle lemmene har sin funksjon og mi bør og håp er at alle lemmene til kroppen kjem saman igjen når det er mogleg. Kyrkja er felleskapet der ein kjem i lag for å æra Gud med dei talent og gaver han har lagt ned i kvar enkelt av oss.

Om det er lenge sidan du har vore i kyrkja, eller om du aldri har vore i kyrkja har eg lyst å ynskja deg varmt velkommen inn for å møta nye venner, søkja Gud og få del i oppdraget!



Jakob Aardal

møte:plassen

2 - 2021

16. årgang

UTGJEVAR:
Undheim sokneråd

REDAKTØR:
Steinar Sandvik
tlf. 400 07 909
GRAFISK UTFORMING:
Hanne Brit Sandmark

REDAKSJONEN:
Steinar Sandvik
Laila Undheim
May Brit Merland Arnø
Hanne Nordbrønd
Hanne Brit Sandmark

ADRESSE:
Møteplassen
Time kyrkjekontor
Pb 373
4349 Bryne

E-POST:
nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:
www.timekyrkja.no
www.undheimkyrkja.no

TRYKK:
Jærprint, Bryne
OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD
KONTONR. 3290.57.20723
GIVARKONTO: 3325.21.55657

Framsidebilete: Mathias Wold
framfor Elverhøy-huset
(foto Steinar Sandvik)
Illustrasjonsfoto frå Pixabay.com



Min sang

Jeg har en far
en far ulik alle andre
En som kjente meg før dagen jeg ble til
Han ser til meg
om mitt liv er fullt av glede
eller om jeg strever for å helt forstå

Så dyp en kjærlighet
en fars hengivenhet
utstilt på et kors
Så gjennomtrengene
og livsforvandlene
din omsorg er for meg

Du er min far og jeg er ditt barn
Jeg kommer med
mine nederlag og seire
med mitt jag for selvbehag i dette liv
Jeg legger ned
alt jeg er i dine hender
her vet jeg at du vil være god mot meg

Så dyp en kjærlighet
en fars hengivenhet
utstilt på et kors
Så gjennomtrengene
og livsforvandlene
din omsorg er for meg

Gud jeg faller ned
å Gud jeg faller ned
i dine armer

Gud jeg faller ned
i dine armer

Gud jeg faller ned
å Gud jeg faller ned
i dine armer

Denne songen hørde eg første gong i kerkå sungen av Eline Ødegård Egeland. Eg synest denne sangen er veldig fin. Den forklarer så godt kjærligheten og forholdet mellom Gud og mennesket. Gud er alltid der for oss og tvinger ikke sin kjærlighet på oss, men venter til me er klare til å ta i mot den.

Gud er vår far og han passer alltid på oss, uansett korleis me har det. Viss eg føler meg åleine kan eg alltid skru på denne sangen og hugse på at Gud er der for meg.

Beate Rasmussen





Supermix sang om takk. Her er det dei yngste i koret. Bak frå venstre: Olava Tveiten, Synne Haugen, Rudi Aardal og Lillian Mossige. Framme frå venstre Nikoline Norås, Olea Undheim, Astrid Berge, Karen Maria Sikveland Søyland, Antonette Aardal, Pål Simen Undheim, Inger Alida Tjåland Liverud, bak Inger Alida står Madelief Gerritsen. (delvis skjult). Bak står prest Lars Sigurd Tjelle.

NESTEN 100 PÅ 17. MAI-GUDSTENESTE

Både prest Lars Sigurd Tjelle og songarane i Supermix la i gudstenesta stor vekt på ordet:
TAKK

Elevar frå 7. klasse stod flaggborg under gudstenesta. Frå venstre Thea Haugen, Christina Undheim og Alexander Andreas Wilhelmsen. Bjørnar Risa Taksdal og Erik Mæhle-Kommedal stod også flaggborg.





Her er resten av barnekoret. Dette er songarane i skulealder. Frå venstre Tora Eikeland, Marie Risa, Floortje Gerritsen, Ruth Oline Fosse. Bak til venstre organist Kari Kaald Reiten. Til høgre Kåre Sigurd Undheim på trompet og forsongar Nils Garborg Reiten.

I eit sjeldan flott 17. mai-ver gleda Supermix både før og under gudstenesta på kyrkjakken. Barna med leiar Eline Fosse jubla ut sin takk til Gud i refrenget frå ein av songane:

*Gud du elsker meg og tar meg som jeg er
Jeg ble skapt fordi du ville ha meg her
Og jeg vet du er fornøyd med meg
Derfor ville jeg takke deg
Rikere enn en millionær
Elsket for den jeg er*

Tekst og foto: Steinar Sandvik



Ein stor flokk tok del i gudstenesta på kyrkjebakken 17. mai.

EIN TAKKENS DAG

- I talen la prest Lars Sigurd Tjelle stor vekt på takken.
– Det er mykje å vere glade og takksame for sjov om vi feirer på sparebluss, sa Tjelle. – Rundt oss ser vi at vi har i grunn for å takke. Når vi har det godt, er det kanskje lett å gløyme takken.
– Gud har skapt jord og hav og himmel, og gitt oss dette til låns den stunda vi er her. Det gir stor grunn til å takke, sa Tjelle og viste til dagens tekst om å gi keisaren det som hører keisaren til og viste til mynten med biletet av keisaren.
– Vi hører Gud til, han har skapt oss. Han har sett sitt bilet på oss. Er du takksam for deg sjølv? Er du takksam for familien din, for staden der du bur, for alt du har fått og for landet vi bur i?
– Dette er ein god dag for å takke, avrunda Lars Sigurd Tjelle talen på 17. mai-gudstenesta.

GODT OPPMØTE

Kyrkjebakken var nesten fullsett med god korona-avstand. Nokre hadde funne seg ein stol, andre stod, mange med flagg i handa. Fremst på kyrkjebakken stod 7.-klasslevar med vaiande store flagg. Dei kjende og kjære 17.-maisongane ljoma over bygda med tonefølgje frå piano, trompet og saxofon.

Mange av dei frammøtte stod igjen etter gudstenesta for å vere med i det landsdekkane koret kl. 12.00. Då ljoma «Ja, vi elsker» frå kyrkjebakken, frå samfunnshuset og Handelslaget der det også var samla mykje folk.

Og feiringa i Undheim sentrum var avslutta med veteranbilar i kortesje med ein og annan velbrukt traktor.

Takk for ein gild dag der det også var laga til rebus for familiar og andre som ønskte å vere med. Ein spesiell takk til 7.-klasseforeldra som stod for ein del av opplegget. Så får vi håpe at neste 17. mai vert av det gode og velkjende slaget.



Tekst og foto: Steinar Sandvik

Lars Sigurd Tjelle, prost i Jæren, kjenner seg tiltrekt av det litt rolegare livet. Men han lengtar etter dei gode og vanlege dagane.

Prosten om pinsehøgtid og presteliv

Det er ikkje mange veker sidan vi feira pinse – ei høgtid som kanskje kjem litt i skuggen av dei andre store høgtidene i kyrkja; jul og påske.

Første pinsedag vert ofte kalla kyrkja sin fødselsdag. Då vart lærersveinane utrusta til teneste, og dei gjekk ut for å forkynne bodskapen om Jesus Kristus.

Ingens «pinsevenn»

– Kva er ditt forhold til pinsehøgtida, Lars Sigurd Tjelle, prost i Jæren?

– Mange knyter pinsehøgtida til dei som kallar seg pinsevenner. Eg er lutheranar både i tradisjon og personlegdom. I periodar i livet har eg ønska at eg var litt meir karismatisk. Men Den Heilage Ande bur i mitt liv sjølv om eg ikkje er pinsevenn, smiler Tjelle.

STILLE VASSFALL

Han peikar på at mange ser på Den Heilage Ande som eit brusane vassfall.

– For meg er det ei stille elv som er ein svært viktig del av mitt trusliv – ein frodig dal der eg kan drikke

av kjelda. I mitt liv er ikkje Den Heilage Ande ei elv med mykje lyd, men utan den elva hadde ingen ting levtt - ingen ting hadde fungert utan Den Heilage Ande.

– Eg slår meg til ro med at mitt åndelege liv ikkje har dei store karismatiske opplevingane, men eg gler meg over dei som finn seg heime der lyden er meir brusande, seier Tjelle.

MORSBILETE

– I Bibelen står Gud fram som far. Når eg tenkjer på Den Heilage Ande ser eg meir eit morsbilete. Eg har sakna eit feminist uttrykk for guddomen. Den Heilage Ande gir oss det nye livet – vi blir fødd på nytt, og slik kan vi bruke uttrykket «vår mor» om Den Heilage Ande.

«TRØYST»

– Eg ser også på Den Heilage Ande som vårt trøystar – akkurat slik Svein Tang Wa uttrykkjer det i songen «Morar».

«for kor kan du gå me litt vondt i ein fing og kem kan vel blåsa på det»

– Omsorg speglar det feminine hos Gud. Men det er sjølvsagt både det maskuline (mann) og det feminine (kvinne). For meg kjennest det naturleg å kalle Den Heilage Ande mor – samstundes som Den Heilage Ande knyter oss nærmare som kyrkje og gjer oss til levande steinar, seier Tjelle.

PINSESTEMNE

– Kva minne har du frå pinsehøgtida?

– Pinsa har alltid vore den minst markerte høgda. Då

reiste folk ofte på tur, og høgtida vart ikkje å mykje markert. Far var prest og japanmisjonær. I pinsehelga var det ofte misjonstemne som samla folk frå heile distriktet. Og vi ungar måtte vere med. Eg minnest mange slike stemne frå barndommen – ikkje så myje av talar og slikt, men ofte var det meir interessant å leike i fjøresteinane på leit etter muslingar og andre dyr i sjøkanten, men det er mange år sidan.

MINDRE TRYKK

Etter vel åtte år som sokneprest i Nærø byrja Lars Sigurd Tjelle 1. oktober i fjar som prost i Jæren.

– Eg byrja midt i korona-tida, noko som kjennest litt både - og. Trykket er mindre no enn til vanleg. Eg liker å arrangere og organisere, synge og tale og finne på nye ting. Ofte er det lett å bli jaga av dei gode intensjonane. Vi skal ikkje drive dank, men yte for å kunne nyte, vert det ofte sagt.

– På ein måte blir eg litt tiltrekt av eit rolegare tilvære, det gjer godt å seinke litt på tempoet og ikkje gå i spinn heile tida. Samstundes arbeider vi heile tida med å finne former der vi kan møte kvarandre. Lars Sigurd fortel at han trivst godt saman med andre, men samstundes er det av og til godt å vere guten i fjøresteinane – litt for seg sjølv.

LENGTAR TIL NORMALEN

– Eg kjenner at eg no lengtar etter meir det normale og «forutsigbare» - dei gode og vanlege dagane. Men i mi teneste kan eg ikkje alltid planlegge dagane like stramt. Det vil alltid vere noko som kan dukke opp.

– I mi yrkeskarriere som prest og misjonær har eg aldri hatt så mykje tid heime som no. Men eg prøver å ha faste dagar på kontoret. Å vere meir heime betyr også å vere saman med kona Kristin Fjelde Tjelle som også må ty til heimekontor, seier Lars Sigurd.

Tur og film

– Dei fire barna er flytta ut og har sine nettverk og familiar. Då blir det ofte oss to, Kristin og eg. Vi arbeider godt i lag og har rom til andre aktivitetar som mellom anna turar. Eg er grunnleggande lat og finn alltid grunnar for ikkje å kome meg ut, men eg har erfart at ein par timars tur kjennest godt og gjer godt.

– Det gjer også godt og berre setje seg ned med ein god film på skjermen saman med Kristin. Då koplar eg av. Det kan gjerne vere historiske drama eller litt action-film, men blir det for mykje action då blir eg ofte sitjande åleine, smiler Lars Sigurd som håper korona-trykket vert svekka framover.

Lars Sigurd Tjelle

- Fødd i Japan 1964
- Vaks opp i Haugesund
- Studerte ved Misjonshøgskulen i Stavanger, ferdig 1990
- Prest i militæret
- 10 år misjonær i Japan
- 8 år i NMS - heimearbeidet
- 2012 Soknerest i Nærø
- 2020 Prost i Jæren

Flekkerøyguttene gjester Undheim



Fredag 20. august kl. 19.00 vert det sangmøte i Undheim kyrkje.

På programmet står det sang av Flekkerøyguttene, musikk av Greensax og andakt av Nils Kåre Strøm. Det vert også ein god del allsang.

Under konserten vert det teke opp kollekt for å dekke utgifter til annonsering. Det som vert til overs går til drift av kyrkja.

Laurdag 21. august kl 19.00 er det sangmøte på Ebeneser, Ganddal

Far til Yngvar Nilsen som er prest på Lye og i Time, er med i Flekkerøyguttene. Koret ønskjer å vere med på gudsteneste der Yngvar er prest.

Om å finna styrke når ein er svak

GÅR DET AN Å VERA STERK NÅR EIN ER SVAK? KAN DET SÅRE I LIVA VÅRE VERA EI KRAFT OG EIN STYRKE?

Dette er spørsmål eg har måttet bala med denne våren. Som mange av dykk veit har eg vore sjukemeldt sidan midten av februar. Eg har sidan eg var barn vore plaga av migrrene. Dette har eg levd greitt med og eg har tatt mine førehandsreglar for å unngå for mange migreneanfall. I periodar av livet mitt har eg vore ille plaga av migrrene, men det har alltid vore til å leva med, heilt fram til no i haust. Det siste halve året har migrenen auka slik på at eg ikkje lenger er i stand til å stå i tenesta som sokneprest på Undheim. Dette er eg svært lei meg for, for eg skulle så gjerne vore i arbeid.

Eg opplever å vera «kasta på sidelinja», mot min eigen vilje, og eg må berre stå i eit løp som handlar om å finna noko førebyggjande medisin som kan hjelpe meg. Så langt har ingenting virka, men eg håper at nevrolog kan gi meg nye førebyggjande medisin i juni, slik at eg kan koma attende som sokneprest til hausten. Eg saknar fellesskapet med dykk alle, både store og små.

Om å finna styrke når ein er svak, sjuk og har det vondt..... Kvifor kan ikkje berre Gud ta vekk denne migrenen som set slike grenser og hindringar i livet mitt? Eg trur jo på ein Gud som kan det, som har all makt i himmel og på jord, og som eg trur kan helbreda. Og du må ikkje tru at eg ikkje har bedt han om det. I mange, mange år har eg gjort det. Eg trur jo på ein Gud som seier: «Be, så skal de få!» (Matt 7,7). Og eg er så uendeleg takknemleg for alle de som ber for meg i denne tida. Eg veit at mange gjer det, og eg treng det sånn, akkurat no.

Ein føremiddag i juni 2019 fekk eg oppleva at 3 gode damer i kyrkjelyden på Undheim salva og bad for meg. I Bibelen står det: «Er det nokon av dykk som har det vondt? Då skal han be. Er nokon ved godt mot? Då skal han syngja lovesongar. Er nokon av dykk sjuk, skal han kalla til seg dei eldste i forsamlinga, og dei skal be over han og salva han med olje i Herrens namn. Og bøna som er borene fram i tru, skal berga den sjuke, og Herren skal reisa han opp. Og har han gjort synder, skal han få dei tilgjevne.» (Jak 5,13-15).

Dette fekk eg vera med på i Undheim kyrkja denne føremiddagen. Eg fekk krossmerket teikna i panna mi og fekk høyra desse orda: «Eg salvar deg med olje i



Foto: Privat

Herrens namn, Gud Fader, Jesus Kristus, Du Heilage Ande - Må du, Gud, berøre kvar pore i May Brit sin kropp, og legge dine helbredande hender over hovudet hennar, slik at migrene ikkje får plage henne meir. La heile hennas vesen vere retta mot deg, Jesus, så du kan vere barmhjertighetens og kjærighetens Gud i henne, og gjennom henne. Eg velsignar deg, May Brit, i Jesu navn. Måtte du få kjenne krafta frå Han over deg.»

I dette heilage augneblikket fekk eg oppleva Guds omsorg gjennom desse gode damene, og eg tenkte: «Du som høyrer før vi ber, prisa være du!» (2. vers av bordverset: Gledens Herre:) For eg hadde ikkje bedt om dette. Denne heilage handlinga i kyrkjerommet vart rekt meg «frå oven», frå Gud sjølv, som hadde minna ei av desse damene om at dette skulle ho gjera.

Og Gud rørte sterkt med meg denne dagen og bekrefta for meg at eg var sett av Han, midt i smerte og sjukdom. Og eg skal innrømme at eg var spent i dagane, vekene og månadane som gjekk. Var eg blitt betre? Gjekk det lenger mellom kvar gong eg hadde migrene? Var ikkje anfalla blitt litt lettare? Ville Gud gradvis ta vekk dette?

Det året som gjekk var lettare, eg hadde mindre migrene, men migrenen var ikkje blitt borte. Og no i haust vart det altså ekstra ille.....

I Bibelen møter me Paulus som hadde «ei torn i kroppen», seier han sjølv. 3 gonger bad han Herren om at han måtte ta den frå han, men det skjedde ikkje. I staden hørde han Herren som sa til han: «Min nåde er nok for deg, for krafta blir fullenda i veikskap» (2.Kor 8-10).

Kan me vera sterke når me er svake? Paulus seier det slik: «Derfor vil eg helst vera stolt over svakheita mi, så Kristi kraft kan bu i meg», og han fortsett: «For når eg er svak, då er eg sterke.»

Me vert svake og sårbare når sjukdom, plager og sorg møter oss i livet. Og mange av dykk som les dette kjenner også på tunge og vanskelege dagar. Eg har så lyst til å dele med dykk ein songtekst som vart så sterkt og viktig for meg, på ein mine tyngste dagar denne våren. Eg hørde for første gong Lauren Daigle sin song «You Say» på norsk, med David André Østby. Og nokre av songstrofene talte rett inn i livet mitt og rett til hjarta mitt:

«Du sier jeg er din, selv på min verste dag.
Du sier jeg er sterkt, når jeg tror jeg er svak.
Du sier jeg er nok, når jeg ikke strekker til.
Når jeg ikke selv kan gå, så bærer du mitt liv.»

Desse linjene har vore ankeret i livet mitt denne våren. Gud som ser meg og møter meg akkurat slik eg er, også på mine verste dagar. Når eg ikkje strekker til, når eg ikkje kan måle livet mitt i det eg gjer, i tenesta mi. Og kanskje viktigast av alt: Når eg ikkje sjølv kan gå så bærer Han mitt liv. Så kan eg kvile i orda som Paulus fekk høyra: «Min nåde er nok for deg!»

Derfor går det an å vera sterkt, når eg er svak. Derfor kan det vonde og vanskelege bli ei kraft i livet mitt, fordi eg er sett av Gud og han bærer meg når eg ikkje orker å gå sjølv.
Eg ynskjer dykk alle ein god og koronafri sommar. Så håper eg at me møtast til hausten!

Vennleg helsing
May Brit M. Arnø

Døypt i Undheimkyrkja 24. mai



Lars Vestly

*DET SKJER ET UNDER I
VERDEN, HVER GANG
ET BARN BLIR TIL,
OVER DET GRYENDE LIVET
LYSER GUDS SKAPERSMIL.
INGEN PÅ JORDEN ER
HIMLEN SÅ NÆR SOM
BARNET HAN TAR
I SIN FAVN.
NORSK SALMEBOK 591*

Påmelding til konfirmasjon 2022

Konfirmasjonstida i kyrkja er ei spanande tid. Enten du trur, tvilar eller berre er nysgjerrig, er du velkommen til konfirmasjon i kyrkja. I konfirmasjonstida får du læra meir om deg sjølv og om Gud. Du får anledning til å reflektera over nokre av livet små og store spørsmål saman med andre.

*Vi snakkar om sorg og glede, tvil og tru.
Bli med på ei spennande reise fram til den høgtidelege konfirmasjonsdagen!*

Påmelding: www.timekyrkja.no

*Du kan lesa meir om konfirmasjon her:
<https://kirken.no/nb-NO/konfirmasjon/>*

Ta kontakt med kateket Ingfrid Time Nærland ved spørsmål.

Mob 401 67 222, epost: itn@time-kyrkja.no

Konfirmasjonsdator i Undheim kyrkje 2021-2024

Søndag 5. september 2021 (utsett frå 2. mai)

Søndag 1. mai 2022

Søndag 14. mai 2023

Søndag 5. mai 2024???

Foto: www.kirken.no

Flyttar inn om to år

Tekst og foto: Steinar Sandvik

Sveitsarvillaen Elverhøy frå Bryne har blitt eit synleg bilet i Undheimbygda. Restaureringa av det vel 100 år gamle bygget er i godt i gang.

– Vi er i rute, smiler 20 år gamle Mathias Wold frå Nærø. – Om to år skal det etter planen vere klart til innflytting. Men det er mykje arbeid som skal gjerast før den tid.

Mathias har ingen planar om å flytte inn i huset åleine. Med på flyttelasset skal også kjærasten Bjørghild Espeland vere med, også ho frå Nærø.


– Og då skal vi vere gifte, smiler ungkaren – som ser fram til å bli undheimsbu.

FAGUTDANNA

I dag er Mathias tømrarlærling, men han har gått eitt på tømrarlinja ved Hjerleid skole og håndverksenter på Dovre der han lærte gamle byggjeteknikkar.

– Eg er vel i overkant interessert i gamle byggjeteknikkar og har no fagleg bakgrunn, og ikkje minst arveleg belasta. Det var mor og far som sette i stand Køhlerpaviljongen på Nærø.

– Då eg hørde at Elverhøy kunne kome for sal, tenkte eg at det kunne vere interessant, men ikkje akkurat då. Det var først då ein lærar på Tryggheim ringe meg og sa at det var søkt om å rive Elverhøy på Bryne. Dersom nokon var interessert, kunne dei få huset gratis. Kanskje skulle eg berre slå til, smiler huseigaren. – Dessutan fekk eg høre av ein kompis at det har ei høveleg tomt til sals på Undheim.



Den originale trappa mellom 1. til 2. etasje skal Mathias Wold ta vare på.



FLYTTING

Historia kjenner vel dei fleste. Huset vart flytta natta mellom 26. og 27. november 2020 og heist ned på den ferdige grunnmuren.

– Vi hadde målt og kontrollmålt, og eg var ganske sikker på at huset ville passe på muren, men eg var likevel ganske så spent. Men alle dei ti hjørna på huset passa akkurat. No er det berre resten som står att. Då vi flytta huset, sa eg at eg skulle vere på plass om to – tre år, kanskje sommaren 2023. Det står eg framleis fast på.

Mathias Wold ser for seg ein god del arbeid framover. Alt skal tilbakeførast til originalen, også innvendige veggar.



Far Per Ivar Wold har god erfaring fra gamle hus. Mathias og faren arbeider godt saman.

GODE HJELPARAR

Mathias fortel at han skal gjere alt snikkar- og tømrarbeid sjølv. Men han er snar å leggje til at han har mange gode kompisar som stiller opp på dugnad. Det same gjer far Per Ivar Wold. Og snart er kjærasten Bjørghild også i gong. Mathias har lova å vere ein god læremester.

TETTA TAKET

Då huset var sikra på grunnmuren, gjekk arbeidsgjen- gen i gong med å få taket tett.

– Vi har kome godt i gang, og taket er tett. Til sommar- en skal det vere ferdig. Før huset vart flytta hadde vi teke ned all takskifer, og no skal den vel 100 år gamle skiferen på plass igjen. Så langt har vi arbeidd omlag 350 timer på taket, og enno har vi ikkje byrja å legge skifer som er original dråpeskifer, fortele Mathias.

ALT VERT SOM FØR

– Neste steg vert kledning og vindauge. Alt skal til- bakesførast til slik bygget såg ut som nytt. Mykje av kledninga kan nyttast, men all kledning må ned for å få isolert og skrapast og behandlast. Fleire av vindauga-

er knuste, men det blir ikkje aktuelt å setje inn nye og moderne glas i vindauge. Det blir enkle glas slik bygget opprinnleger hadde, men dei er spesiallaga med god isolasjon, ivrar huseigaren.

Deler av vinduskarmane er øydelagde. Det same gjeld bordkledninga. Her er det ikkje aktuelt med nytt og gammal i lag. Det som trengst nytt, vert laga akkurat likt som orginalen.

STORT HUS

Mathias fortel at huset har ei grunnflate på 100 kvadratmeter i tre fulle etasjar, det vil seie heilt ny kjellar og to heile etasjar i tillegg til høgaloft. Medan huset stod på Bryne, hadde huset ein låg kjellar. No er det kjellar med full etasjehøgde som er godkjent som buareal.

– Når utsida på huset er ferdig, kjem turen til alt som er innandørs, fortel Mathias. – Etasjehøgda er på 2,60 meter, altså 20 centimeter høgare enn det som er vanleg i dag. Veggane har vore kledd med ulike tapetar og måling opp gjennom åra. Også innandørs skal vi ta vare på det opprinnlege. Både utandørs og inne skal huset stå fram slik det var då det vart bygt mellom 1913 og 1915.

SPIR PÅ TAKET

– Kva er det beste med dette huset?

– Det må utan tvil vere alle utskjeringane, vindauge og dører. Den originale hovuddøra er intakt. Å sjå den kome på sin rette plass blir stort å oppleve. Eg er særleg glad i dører og vindauge, smiler Mathias og legg til at spiret på mønet er vanvittig fint. Originalspiret er berga og skal sjølv sagt på hustaket.



Dråpeskifer var original taktekking på Elverhøy. Taksteinen har halde seg utruleg godt gjennom vel 100 år, noko som imponerer Mathias Wold.



Dører og vindauge opptek den nye huseigaren. Den gamle hoveddøra er over 100 år og skal og få vere i huset.

GARASJE OG VERKSTAD

På den eitt mål store eigedommen skal Mathias bygge kombinert garasje og verkstad. I første omgang vert det nok verkstad i kjellar-en, men på sikt skal eg ha min eigen verkstad. Mathias fortel at planane om garasje og vekststad er godkjende. Også dette bygget vert sett opp i same stil som bustadhuset.

ØNSKT VELKOMMEN

Mathias er utruleg fornøgd med plasseringa av huset. Mange har sagt at huset passer så godt inn i miljøet og plassen her. Det er ei oppfatning huseigaren deler.

Han legg til at mottakinga på Undheim har vore heilt eineståande.

– Alle er så positive. Folk kjem innom for å drøse og skryte, tilbyr seg tenester og hjelp. Hos dei nærmeste naboane er det også berre lovord, og samfunnshuset sine folk har vore så imøtekommende då vi måtte grave opp deler av parkeringsplassen for å legge avløp. Vi gler oss rett og slett til å flytte hit, skryt Mathias Wold. Også andre har bidratt med støtte. Kulturminnenfondet har løyvt 90.000 kroner til å restaurerer taket, og 280.000 kroner til å ta vare på kledning, dører og vindauge.

Elverhøy

- Bygd som direktørbustad for Jæren ullvarefabrikk
- Byggeår – mellom 1913 og 1915
- Fredrik Emanuelson Haugstad bydde mange år i huset
- På 1990-talet brukte fotograf Olav Garborg bygget som atelier.
- Dei siste omlag 20 år har huset stått tomt
- Elverhøy-tomta (gnr. 1, bnr. 123) og Sollia er planlagt bygt ut med bustadar.

KONTAKTINFO:

Sokneprest: May Brit Merland Arnø	467 94 518
Undheim sokneråd: Hanne Brit Sandmark	996 26 157
Kyrkjestyret: Torvald Tjåland	913 59 619
Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten	908 10 346
Dagleg leiar: Frode Skårlund	489 97 102
Ungdomsarbeidare: Eline Fosse	454 83 455
Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland	913 59 619
Trusopplæringa: Ragnhild Hanssen	51 77 03 77
Konfirmantarbeidet: Ingfrid Time Nærland	401 67 222
Diakon.: Praxedes Slettebø	980 28 690
Avtale tid for dåp eller vigsel: Time kyrkjekontor:	
måndag - fredag: 09:00 - 14:00	51 77 03 77


BØN OG FORBØN

Står du i ein spesielt vanskeleg situasjon, eller noko du ynskjer forbøn for? Vi er eit forbendar-team på

6 personar som vil be for situasjonen. Alt kan vera anonymt, og vi har teieplikt. Send SMS eller ring

Tordis Sandvik 915 72 880 eller
Hanne Brit Sandmark 996 26 157

I ARBEID FOR UNDHEIMBYGDA



Hans Dahl Ørstavik har eit stort engasjement for Undheim-bygda

Tekst og foto: Steinar Sandvik

Namn: Hans Dahl Ørstavik

Alder: 65 år

- KVAR ARBEIDER DU?

Hans Dahl Ørstavik har mange jern i elden – dei fleste for Undheimbygda. Men han har også engasjert seg utanfor bygda som har blitt hans.

- KVA ARBEIDER DU MED NO?

– Mitt største engasjement er akkurat no for idrettslaget. Eg vert kalla driftsleiar, men eg kallar det vaktmester. Ansvarsområdet mitt er heile anlegget til Undheim idrettslag. Det betyr idrettshallen, fotballhallen, fotballbana og resten av uteområdet.

Hans fortel at arbeidet er svært variert frå årlege kontrollar av el-anlegg og ventilasjon til alt slags vedlikehald, rydding, hente søppel og alt anna som trengst.

- KOR MYKJE TID BRUKAR DU I ARBEIDET FOR IDRETTSLAGET?

– Tre dagar i veka går nok med, men eg står heilt fritt til å disponere tida mi.

- OG LØNNA FOR DETTE ARBEIDET ER?

– Dette er rein dugnad, smiler Hans. – Eg liker å halde på med noko, og ingen ting er betre enn det som tener bygda.

Han legg til at det siste store prosjektet var å installere videokamera som overvakar heile idrettslaget sitt omåde.

– Eg klarer ikkje alt sjølv. Rundt meg har eg mange som hjelper til.

Akkurat no er Hans i full sving med å planlegge utviding av idrettshallen. 300 nye kvadratmeter skal gi rom til nytt trimrom, garderobe og lagerrom. Tilbygget skal bli på 32x12 meter. Til hausten er det oppstart, og då håper eg at folk er klare til meir dugnad.

I prosjektet er det også Hans si oppgåve å skaffe midlar til det nye tilbygget. Skatepark er eit anna prosjekt Hans i samarbeid med Time kommune og idrettslaget er i ferd med å realisere.

– Skateparken som eg håper får oppstart i sommar, er eit såkalla næranlegg. Plasseringa vert mellom fotballhallen og skuleområdet, fortel Hans som håper at dette vert eit godt tilbod til både unge og interesserte vaksne i bygda.

For nokre år sidan vart det pynta med blomar på lysmaster gjennom bygda. Undheim 2020 tok initiativ, og der var også Hans. Framleis har han ansvar for å få både lys og blomar på plass, alt etter årstid. Og vedlikehaldet med vatning av blomar er også hans ansvar. Ideen til å pynte opp bygda fekk han frå Ålgård.

Elles engasjerer Hans seg både på samfunnshuset og i kyrkja når han får spørsmål om litt innsats. På samfunnshuset har han vore servitør og hjelpar på kjøkkenet. I kyrkja har han også gjort dugnadsarbeid, både på grunnmuren under bygginga, men også seinare som planlegging av kjøkkenet. Han har også blitt hyra inn som både kokk og koordinator i store selskap som mellom anna bryllaup.

- KVA FORHOLD HAR DU TIL KYRKJA?

Svaret kjem kontant. – Null. Eg har ikkje noko forhold til kyrkja. Eg er konfirmert, men gift hos byfogden. Men er det snakk om hjelp, stiller eg sjølv sagt opp, smiler ein engasjert Undheimsbu

Faste aktivitetar for barn og unge hausten 2021

SUPERMIX

Supermix er eit kor/klubb for barn. Ei samling på Supermix inneheld korøving med andakt og hobbyaktivitet i kjellaren til slutt.

Dato: Tysdagar i oddetalsveker:
31.8., 14.9., 28.9., 26.10., 9.11., 23.11. og 7.12.
Tid: Kl. 17.00–18.00
Stad: Undheim kyrkje
Alder: Frå 4 år og oppover

OPEN KJELLAR

Klubb for gutter og jenter med aktivitetar, andakt, spel og kiosk.

Dato: Fredagar – Oppstart 3. september
Tid: Kl. 19.00–21.00
Stad: Undheim kyrkje
Alder: 5.–7. klasse

UGLA

Gutelag med aktivitetar, turar og andakt.

Dato: Tysdagar i partalsveker:
24.8., 7.9., 21.9., 5.10., 19.10., 2.11.,
16.11. og 30.11.
Tid: Kl. 19.00–20.00
Stad: Frammøte på Undheim skule
Alder: 4. klasse og oppover

SØNDAGSSKULEN

Datoar: 22.08., 19.09., 03.10. = Gudsteneste for store og små, 17.10., 31.10., 14.11., 28.11. = Gudsteneste for store og små, 12.12. = Me syng jula inn kl. 14.00, 24.12. = Gudsteneste for store og små kl. 14.30.

Velkommen til søndagsskule kl. 11.00. Mogleg for store og små først å koma til gudsteneste som startar kl. 10.30.



UKUF

UKUF er kyrkja sitt arbeid for ungdomane. Me samlast til møte oppe, før det vert ulike aktivitetar, kiosk og sosialt i kjellaren.

Dato: 21.8., 4.9., 18.9., 2.10., 16.10., 30.10., 13.11., 27.11. og 11.12.
Tid: Kl. 20.00–00.00

Stad: Undheim kyrkje

Alder: 8.klasse og oppover

NB! Me har også Open kyrkja kvar torsdag frå 17.00 – 19.30. Velkommen!

Følg oss gjerne på Facebook for meir informasjon.

GUDSTENESTER UNDHEIM KYRKJE KL. 10.30

HAUSTEN

22. august. Nattverd. Søndagsskule
5. september. Konfirmasjonsgudsteneste
19. september. Presentasjon av konfirmantane.
Nattverd. Søndagsskule
3. oktober – Familiegudsteneste. Dåp. Hausstakkfest. 2-åringar og barnehagen.
17. oktober. Dåp
31. oktober. Nattverd.

FELLES SOMMARGUDSTENESTER I TIME KL 10.30

27. juni. Undheim kyrkje. Nattverd
4. juli. Bryne kyrkje. Nattverd
11. juli. Time kyrkje. Nattverd
18. juli. Bryne kyrkje. Nattverd
25. juli. Undheim kyrkje. Nattverd
1. august. Bryne kyrkje, Nattverd
8. august. Time kyrkje. Nattverd
15. august. Bryne kyrkje. Nattverd

LAUST OG FAST

Stad: Undheim kyrkje
Dato for hausten er enno ikkje bestemt

HANDARBEIDSTREFF

Måndagar:

Dato: 23. august i samfunnshuset
27. september i kyrkjekjellaren
25. oktober i samfunnshuset
22. november i kyrkjekjellaren
14. desember i samfunnshuset
Kl 20.00 – 22.30




BABYSONG

Dato: oppstart 1. september
Babysong er annakvar onsdag kl. 10.30
Stad: Undheim kyrkje
Alder: 0-1 år

KRØLLEKVED

Dato: 9. september
Stad: Undheim kyrkje
Alder: 3 år



LYS VAKEN

i Time kyrkje for 5.klasse.
Dato ikkje sett. Invitasjon vert sendt ut.

PLAN-B AKTIVITETSDAG

Undheim kyrkje, 12. november. 2. klasse

Kvar torsdag er kyrkja open for ungdommane

Tekst og foto: Steinar Sandvik

Også Kristi Himmelfartsdag var kyrkjedørene opne. Denne gongen var det berre jenter som samla seg i kyrkjekjellaren. Men rett skal vere rett, like før dei slutta av, kom det også eit par gutter innom.

FASTE SAMLINGAR

Ungdomsleiar Eline Fosse fortel at ungdommane har faste samlingar annankvar laurdag. Men det er tydeleg eit behov for samlingane kvar torsdag også.

Eline har to medhjelparar, Kornelia Gauksås og Beate Rasmussen. Begge var på plass denne torsdagen. Det var også åttandeklassingane Lotte Årdal, Helle Risa, Anne Risa og Inger Eikland. Dei fire går i same klasse ved Tryggheim ungdomsskule, og dei legg ikkje skjul på at valet om skuleplass skuldast nedlegginga av ungdomstrinnet ved Undheim skule.

TRIVST GODT

Torsdagssamlingane skal vere ein sosial plass der forkuset er på relasjonsbygging. Desse dagane er det ikkje andakt eller tale, men ungdommane fortel at dei opplever samlingane som eit triveleg plass å vere. Alle fortel at dei går fast på UKUF sine samlingar på laurdagane.

– Vi spelar ofte ulike brettspel, denne kvelden spelet Party Alias, men her er tilbod om både bordtennis og biljard, og andre aktivitetar, men ikkje open kiosk. Nokre bruker også litt av tida til lekser, fortel jentene og legg til at det alltid er kakao med krem. Men denne torsdagen mangla kremen, noko Eline tok det fulle og heile ansvaret for. Det var ho som gløymde at butikken var stengd på denne dagen.



Leiarar for Open kyrkje er frå venstre: Kornelia Gauksås, Eline Fosse og Beate Rasmussen.

Denne torsdagen har fire ungdommar møtt til open kyrkje. Frå venstre Lotte Årdal, Helle Risa, Anne Risa og Inger Eikeland.

MÅ VERE FRÅ TIME

Eline fortel at det vanlege frammøtet på torsdagane ligg på rundt ti. Laurdagar er det litt fleire.

– Vi følgjer gjeldande smittevernreglar slik at ungdommane som er med, må vere frå Time slik det er no, understrekar Eline.

29. mai inviterte UKUF årets sjuandeklassingar til fest i kyrkja, den såkalla 7.-klassefesten. Til hausten kan også denne aldersgruppa vere med i UKUF sitt arbeid.



Emil Nordbrønd (8 år)

Sverre Emilian Fosse
(9 år)



Pauline Tveiten (11 år)



Rudi Aardal (9 år)



Olava Tveiten (8 år)



Mikal Marinius Aardal
(11 år)

Seks unge om SOMMAR

Tekst og foto: Hanne Nordbrønd



1. Hva liker du best med sommerferien?
2. Hva er ditt beste sommerminne?
3. Hva er dine drømmer for denne sommeren?

Mikal Marinius Aardal (11 år)

1. «At det er ferie og ein kan gjere nesten kva ein vil.»
2. På Kreta med farmor og farfar for 8 år siden.
3. Jeg har veldig lyst å reise til Evje og kjøre gokart denne sommeren.

Rudi Aardal (9 år)

1. «At me slepper lekse, gjere ca kva me vil og nyte sola.»
2. Da vi var i Dyreparken og i Oppfinnerparken i Lyngdal i fjor.
3. Å reise til en høyt og lavt klatrepark, reise til Dyreparken og til Evje å prøve å kjøre Gokart.

Sverre Emilian Fosse (9 år)

1. «Eta is og bada og kosa osse.»
2. «Dei fleste har våre jille, så æg kan kje sie kæ så va jillast.»
3. «At me ska bada å ha det jillt.»

Pauline Tveiten (11 år)

1. Det beste er å ha fri fra skolen, og at jeg kan være med venner hele dagen og slippe lekser. Varme dager med mye bading og is er også kjekt.
3. Sommeren 2020 på Hovden var den beste. «Da bada vi hele dagen. Var ute med SUP og båt på vannet. Vi spiste mye is, var i «Hegni» og hoppet på trampoline på vannet».
3. Jeg drømmen er å reise til Curaco (ei øy i Karibien) å sove på hotell. Være ute i båt som har et nett du kan ligge i å kjenne bølgene. Der vil

jeg også snorkle med skilpadder i blå sjø. Men den realistiske drømmen min er å gå opp til Rampestreken der Kompani Lauritzen var, å se på utsikten.

Olava Tveiten (8 år)

1. Jeg slipper å gå på skolen og kan ligge i sengen uten å stå opp. Være med venner og bade mye.
2. Jeg synes også at sommeren i 2020 var den beste. Da var vi på Hovden og koste oss masse.
3. Denne sommeren vil jeg også være på Hovden, bade mye, spise mye is, være ute med Sup og spille monopol sammen med hele familien om kvelden.

Emil Nordbrønd (8 år)

1. «At eg har fri fra skulen og ikkje har lekser!»
2. «Då eg var i Mikkelparken, fordi me konne kjøra elektriske biler, krasjbåter og bade i basseng.»
3. Det er å bade i badeland, være på hytta i Røldal og gå i Dyreparken. Håper jeg får kjøre elektrisk bil, fordi det er kjempekjekt.

NYTT FRÅ SOKNERÅD OG DAGLEG LEIAR

NY START

Frå hausten har me håp om at me kan gå mot meir normale tilstandar for både kyrkja og samfunnet elles. Spesielt for vaksne har mykje av arbeidet vårt vore redusert i over eitt år. Dersom det er trygt, håper me at alle nyttar sjansen til å samlast igjen, og bli med å arbeida for det som ligg i visjonen vår:

MØTA NYE – SØKJA GUD – FÅ DEL I OPPDRAGET

PREST PÅ UNDHEIM

May Brit er for tida sjukemeld. Me håper underleg at ho skal bli ved god helse så raskt som mogleg. Skulle me måtte venta utover hausten, vil prosten arbeida for at me får ein fast vikar hos oss.

MEDARBEIDARFEST

Staben inviterer alle som har hatt, ønsker å ha, eller har ei teneste knytt til kyrkja vår til fest 29. oktober kl. 19.00. Du er òg velkommen om du ikkje maktar å ha ei teneste, men kjenner at du høyrer til, eller ønsker å bli betre kjend med kyrkja. Programmet er så godt som klart. Festen var ferdig planlagt til november i fjor. Det blir variert program og servering. Sett av datoén, og meld deg på via heimesida vår.

OFRINGAR

Med færre gudstenester, og grenser for kor mange me kan samlast, er det mykje mindre som kjem inn i offer både til organisasjonane me støtter, og til kyrkjelydsarbeidet. Søk gjerne opp organisasjonar som du vil støtta på nettet. Der står det korleis du kan støtta dei. På heimesida vår står det om korleis du kan støtta kyrkja sitt arbeid på Undheim.

SUPERMIX

Me er veldig glade for barnekoret vårt, Supermix. Det er mange ungar med, og det hadde vore supert om fleire vaksne kunne vore med som leiarar. Du treng ikkje bidra med noko musikalsk for å vera med. Har du litt teknisk innsikt, er du spesielt ønska.

NYTT FRÅ KYRKJESTYRET

LEIGE AV KYRKJELLAREN TIL KONFIRMASJONFEST 2022

Foreldre med konfirmant frå Undheim sokn, kan søkja om å leiga kyrkjekjellaren til konfirmasjonfest neste år, 1. mai 2022.

Me vil føreta trekning innan ei veke etter fristen som er 1. august iår.

Ta kontakt med meg på telefon/sms: 913 59 619 eller epost: einarmalenius@gmail.com

NY STEINGARD

Som kjent har styret bestemt å renovera steingarden mellom nedre parkeringsplass og Solvor Egeland sin eigedom. Me søkte «Sparebankstiftinga Jæren-Time og Hå» om støtte til arbeidet, og dei har gitt kr.50.000 av ein totalkostnad på rundt kr.100 000,- Kåre Fotland har stadfesta at arbeidet kan koma igang om ikkje alt for lenge.



OPPRYDNING I SAKRISTIET.

Sakristiet til høgre i kyrkjesalen er eit rom som ein skal oppbevara teknisk utstyr til den musikalske drifta i kyrkja, slik som høgtalarar, gitara, trommesett, kabler etc.. Det er mange av oss som har vore nokså «frusterte» over alle ting som har hopa seg opp over lengre tid. Hans, Sigbjørn og eg har teke tak i dette og har rydda skikkeleg. Me fann mykje rot, alt frå duker, klede og tekstiler, ting som har samla seg etter fleire år. Og ein god del tekninsk utstyr som sjeldan eller aldri vert brukt.

Kyrkjestyret har kjøpt inn 4 skap som er plassert på galjeriet. Det meste av utstyret som ikkje treng vera i sakristiet, er nå plassert der.

Me ynskjer på vegne av oss alle at sakristiet frå nå av skal vera ryddig, og at ingen set inn/tek ut utstyr utan å rydda eller setja tilbake. Er det spørsmål vedrørande bruken av dette arealet, ta kontakt med Sigbjørn Risa, eventuelt meg.

Torvald Tjåland

BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jesus fortalte ei likning om ein sau som hadde gått seg bort. Gjetaren leita heilt til han fann att saunen. (Teikning: Trevor Keen)



Finn fem feil

Då gjetaren fann saunen, blei han så glad at han holdt ein fest! Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Trevor Keen)



Vitser

- Eg trur eg snart skal få ein bror!
- Kvifor trur du det?
- For kvar gong mamma har vore på sjukehuset, har eg fått ei søster.
- Ja, og så?
- Jau, no er pappa på sjukehuset ...

- Skal eg dele pizzaen i fire eller åtte stykke? spurde servitøren.
- Berre fire, takk. Eg trur ikkje eg orkar åtte.

Gje barnebladet
BARNAS til
eit barn du er
glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.



Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mulig!

 jæren sparebank	 Sandnes & Jærbetong	 NOVA BEGRAVELSESBYRÅ	
 UNDHEIM MASKIN	 HERSDAL AS	 JÆRPRINT TRYKK & DESIGN	
Johs. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim	 SOL INSPIRASJON Dikt og oppmuntringer	UNDHEIM HANDELSLAG  undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670	
 Felleskjøpet Rogaland Agder	 NILS REIME MASKIN GODKJEND ENTREPRENØR ALT I GRAVING OG TRANSPORT Takodal, 4342 Undheim • Tlf: 51 48 49 11 • Fax: 51 48 60 64 • Mob: 971 59 400	 SjekkPunkt BILVERKSTED Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no	
 Arrestad Maskin	 RL teknikk A/S	 Byggmester Ståle N. Sikveland	
TOM REE MASKIN	Høiland & Tveit BetonEntrepreneur	 SpareBank 1 SR-BANK	
 P. UNDHEIM BYGGMESTER	 AH BYGG AS Møllevegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 www.ahbygg.no	 TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig	
 Finn Arve Undheim Maskinentrepreneur i tjeneste for jordbruket Mobil: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10	 Elektrofag Jæren En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no EL-PROFFEN	 Varme & Bad	 Bryne Rør AS